

**Revidert referat frå FAU-møte**  
**Onsdag 13.03.24 kl. 18.00-19.30**  
*Samlingsrommet*

Sak 3.3 Seljord Hage er revidert og endra etter samtale med Hans Flaaten.

**Saksliste:**

**1. Oppfølging av brevet FAU sendte til kommunen i januar**

Asbjørn Storrusten og Beate Våge Lia møtte på vegne av kommunen.

**1.1. Utbetring av toalett og nødutgang til kantina**

Gjennomgang v/ vaktmester Sigbjørn Tvitekkja. Kantina treng nødutgang grunna brannsikring og toaletta på ungdomsskulen og barneskulen treng oppgradering. Sju firma har vist interesse for å ta på seg jobben. Ynskjeleg at jobben blir gjort medan elevane er vekk i sommarferien, men byggearbeidet vil fortsette etter at skulen har byrja. Bråkete arbeid skal helst skje etter kl. 14.00. Ein håpar at arbeidet vil vera ferdig til 1. november.

**1.2. Organisering av 17. mai-feiring**

17. mai-komiteen etterlyser meir midlar til 17. mai-feiring i Seljord. I fjor blei 17. mai feira utanfor Granvin, ikkje inne. Foreldra som organiserer må ha tryggleik for at komiteen ikkje går i minus fordi leiga på Granvin har stige mykje dei siste åra. 17. mai-komiteen må kvart år søke om støtte frå kommunen innan 1. april. Ein mogelegheit er å søke om underskotsgaranti.

Tips: Granvin har blitt miljøfyrtårn. Bestikk må vera miljøvenleg. Viktig å tenke på mtp innkjøp.

**1.3. Trafikksikringstiltak**

Siktutfordringar i overgangen inn til barneskulen, særleg om morgonen når det er mange som skal sleppe av born. Viktig å få ljøs i overgangen inn til barneskulen. Bilar på hotellparkeringa skygger for sikten. Kommunen vil sjå vidare på saka, særleg på å få meir ljøs på plass og større avkøyringslomme. FAU vil også gjerne ha gangfelt frå ungdomsskuleområdet og bort til det gamle billaget, Asbjørn er ueinig i dette då heller ikkje Statens Vegvesen anbefalar

fleire fotgjengarfelt tett på kvarandre. Kommunen skal revidere planen etter kvart, så det er viktig at FAU er med på å påverke vidare i prosessen.

#### **1.4. RRR – Robust, røff og rusfri**

Lisbeth Hegna er prosjektleiar. Prosjektet har fått 3-4 millionar. Samarbeider med LOS, ungdomsklubben, helsesjukepleiarane, SLT-koordinator. Ein tanke er å plassere mange av desse ressursane inn i eit kontorfelleskap i Børløsvegen 7 (gamle Billaget). Ingunn understrekar at helsesjukepleiarar og LOS må vera på ungdomsskulen i skuletida.

Viktig å følgje opp den rapporten som har kome, også i FAU.

#### **1.5. Sak frå 3. klasse om SFO-tilbodet i feriar**

Om det ikkje er fleire enn 9 ungar, blir det ikkje SFO i feriane. Ynskje om at dette kan bli endra slik at det er meir forutsigbart for foreldre også i feriane. Dette ville også vera positivt for bemanninga slik at fleire kan få fulle stillingar. Beate tek dette med seg og vil kartlegge situasjonen og sjå på økonomi.

### **2. Informasjon frå Ingunn**

#### **2.1.Val til FAU**

Representantane blir valt for to år i gongen (alternativ 2 av Ingunn sitt forslag)

#### **2.2.SU**

SU (samarbeidsutvalet mellom elevråd, FAU og kommunen) fell bort.

### **3. Eventuelt**

#### **3.1. 10. klasse-tur**

Stine har sett i gang arbeid med å få til 10.-klasse tur for dei som no går i 9. klasse, Marieke har sett i gang for 8. klasse. Ynskje om at det ikkje er diskusjon kvart år om ein skal ha tur eller ikkje. Viktig å få spikra at det blir ein slik tur kvart år og at kommunen bidreg med pengar.

Lage ei eigen gruppe som kan organisere klasseturen. Viktig å få med så mange foreldre som råd i arbeidet slik at ikkje nokon få blir ståande aleine om ein stor jobb.

### **3.2.Sperre på læringsbrett**

Alle læringsbrett får foreldresperre til hausten.

### **3.3.Seljord Hage**

#### Opprinneleg sak:

Seljord Hage vil gjerne ha eit samarbeid med skulen. Før fekk firmaet til Anne Gro Lønnestad 50.000 frå kommunen med vilkår om at dette skulle gå til undervisning. No har Seljord Hage fått 300.000 i støtte frå kommunen utan vilkår. Dette betyr at undervisninga må bakast inn i desse 300.000. Skulen og FAU er svært positive til eit samarbeid, men skulen har ikkje pengar til å gå inn med meir midlar.

#### Endring i referat etter samtale med Hans Flaaten:

Etter sist FAU-møte har me fått tilbakemelding på at me hadde manglande informasjon då saka om Seljord Hage blei drøfta. Me legg difor med ein kommentar frå Hans Flaaten. Me vil understreke at FAU er positive til eit samarbeid med Seljord Hage v. skulehagelærer Anne Gro Lønnestad og håpar sjølv sagt det vil gå i orden. Me veit at det er trong økonomi ved skulen i Seljord for tida. FAU overlet til skulen om gjennomføring av eit undervisningssamarbeid med Anne Gro Lønnestad er økonomisk gjennomfrøbart.

Her følgjer kommentar frå Hans Flaaten:

«Jeg har fått tilsendt referat fra siste møte i FAU, fra foreldre, som spør om det medfører riktighet det som står under sak 3.3 Seljord Hage.

Jeg har nå lest referatet

Det finnes ingenting i referatet under sak3.3 som medfører riktighet.

Det står at "Seljord Hage ønsker eit samarbeid med skulen."

Foreningen Seljord Økologiske Hage drifter Seljord Hage og har opparbeidet et område hvor det kan foregå skolehageundervisning, men den praktiske gjennomføringen har foreningen ingenting med å gjøre .

Det står videre at” firmaet til Anne Gro Lønnestad tidligere har fått Kr. 50000,- med vilkår om at dette skulle gå til undervisning.”

Dette medfører ikke riktighet.

Skolehagelærer Anne Gro Lønnestad sender regning på de undervisningstimene, som skolen ønsker, til Undervisningsetaten i Seljord kommune.

Det står videre at ”no har Seljord Hage fått Kr. 300.000,- uten vilkår. Dette betyr at undervisninga må bakes inn i disse Kr. 300.000,-”

Dette er et underlig utsagn, og en slutning tatt rett ut av lufta.

Seljord kommune har bevilget Kr. 300.000,- til Foreningen Seljord Økologiske Hage øremerket driftsmidler til Seljord Hage.

Dette utgjør 60% av driftsbudsjettet, og vilkåret er selvfølgelig at Seljord Hage igjen kan holde åpent for alle innbyggere og gjester i Seljord . Som nevnt over har Foreningen ingenting med undervisningen å gjøre. Dette er en separat avtale mellom skolehagelærer og Undervisningsetaten.

Seljord skole har ikke valgt å prioritere skolehageundervisning i sitt budsjett dette året.

Dette er den eneste grunnen til at de ikke har midler til å leie en skolehagelærer og drive skolehageundervisning dette skoleåret.

På vegne av alle barna, er dette svært beklagelig.

Med hilsen

Hans Flaaten, Foreningen Seljord Økologiske Hage»

### **3.4.Elevundersøkinga**

Det kjem informasjon før påske.

Ref. på vegne av FAU

Sara Fjågesund Aase.

